

## MAURSTAD GAMLE STEINBRU



Frå 2020 slår dei to kommunane Eid og Selje seg saman. Området Bryggja har vald å slå fylgje med stor margin. Slik bindast kommunen saman > **Stad kommune**. Bryggja markerer seg sterkt med nettstaden *bryggja.no*. Mykje stoff. Kultur og tradisjonar. Eg har møtt to av bidragsytarane, Rigmor Navekvien og Harald Maurstad. Det byrja med at eg fann Rigmors fine vise om Maustad steinbru. Omsider fann eg også brua i lendet. Grunneigaren har lagt til rette for ei *stillestund* der. Tenke seg, ved ei gammal steinbru i 2018 ...

FREDDIE LANGRIND > [www.ordtoner.com](http://www.ordtoner.com) > Epistlar - /maurstad2

I hine dagar  
valde dei stein.  
Denne sida er mitt land,  
andre sida er ditt.  
Stein avgjer  
stein er tidlaus  
stein står.

I hine dagar  
valde dei stein  
når elva skulle kryssast  
når band skulle bindast  
når ting skulle fram.  
Stein avgjer  
stein er tidlaus  
stein står.

Då brua fall  
bygde dei opp att  
for nye sekel.

Ein gammal tanke  
stryk langs stranda  
over på hi side.

På tilgrodd plakett:

Bygd ca.1867 - 1870 etter at vegen frå Bryggja over Maurstad-  
eidet til Åheim sto ferdig i 1866. Brua var truleg kosta av  
bygdafolket. Brua og vegen vart nytta både til skuleveg og  
allfarveg. Natt til 11. oktober 1984 fall brua saman. Vernelaget  
Maurstad gamle bru har arbeidd for å få brua gjenreist. Ved  
hjelp av gåver, kulturmidlar frå kommune og fylke sto brua ferdig  
hausten 2000. Norsk Bygg og Innredning AS sto for forskaling og  
kvelving. Resten av arbeidet vart utførda dagnad. 19. mai 2001